



**Kva vi seier, betyr noko**



## KVA VI SEIER, BETYR NOKO



Nora (3) har fått seg nye tøflar som ho gleder seg til å vise fram i barnehagen. Mamma ser korleis Nora stolt tek på seg tøflane ved levering og småspring inn på avdelinga.

Dagen etter nektar Nora å ta på seg tøflane. Ho seier at ho ikkje liker dei lenger, og at det er gutetøflar. Både mamma og ein tilsett frå avdelinga oppmuntrar Nora til å ta på seg tøflane: «Du liker dei, og det er det viktigaste.»



- » Kva gjer du om barnet ditt opplever å få kommentarar på klede eller skoa sine, eller om dei får krenkande kommentarar på kven dei er?
- » Korleis ville du reagert dersom det var nokon som sa ifrå om at barnet ditt hadde kome med krenkande kommentarar til eit anna barn?
- » Kva kan de gjere for å tryggje barna på at dei er bra nok akkurat slik dei er, og at dei kan vere seg sjølve i barnehagen?
- » Kor opptekne er de av materielle ting, og korleis påverkar det barn rundt dykk?
- » Kor bevisste er de på korleis de deler inn klede, leiker og anna i kategoriane «guteting» og «jenteting»? Korleis og kvifor påverkar dette barna i barnehagen, trur de?
- » Kva gjer du når du høyrer krenkande kommentarar i barnehagen eller andre stader? Korleis kan du vere ein god rollemodell?

